

**i UNIVERSITETET I OSLO  
DET HUMANISTISKE FAKULTET**

**LING1100  
Semantikk og pragmatikk 1**

**Hautsemesteret 2018**

Fredag 30. november kl. 09.00–13.00

Dette oppgavesettet inneheld 8 spørsmål. Det er mogeleg å stå på eksamenen sjølv om ein ikkje kan svare på alle spørsmåla.

Du kan svare på norsk, svensk, dansk eller engelsk.

Det er ikkje lov å bruke hjelpemiddel.

For val av målform: Bruk menyen oppe i høgre hjørne.  
Det er autolagring kvart 15. sekund

Sensuren fell fredag 21. desember.

Lykke til!

**Spørsmål 1:**

Du har lært å skilje mellom språkleg tyding og pragmatisk meining (båe delar vert gjerne kalla 'meaning' på engelsk). Forklar kort dette skiljet, med eit døme, og trekk inn omgrepa setningstyding ('sentence meaning') og talarmeining ('speaker meaning') i forklaringa di.

**Spørsmål 2:**

Lag fyrst eit kort riss av Austin sine omgrep lokusjonære, illokusjonære og perlokusjonære språkhandlingar. Gi deretter ei framstilling av Searle si inndeling av språkhandlingar i fem typar (basert på ein liknande inndelingsmåte hos Austin). Hent døme nedanfor, og lag fem eigne ytringsdøme også.

- a) *Åh, jeg hater sånne jålete folk!*
- b) *Jeg skal betale tilbake så fort jeg får studielånet mitt.*
- c) *Du burde prøve å få deg en jobb ved siden av.*
- d) *Vi forfremmer deg herved til sjef for hele avdelingen.*
- e) *Det er ikke varslet snøvær i helga.*

**Spørsmål 3:**

Elbourne skriv ein del om 'the internalist theory of meaning' og drar i gang omtalen sin slik:

"The basic idea can also be expressed by saying that meanings are ideas or concepts; or by saying that meanings are in the head" (Elbourne side 22). Nemn kort nokre grunntrekk og konsekvensar ved denne tilnæringsmåten til språkleg tyding. Gi óg namn til ei anna tilnærming som Elbourne nemner, og skriv nokre få ord om denne.

**Spørsmål 4:**

Negasjonen av konjunksjonen av p og negasjonen av p, uformelt «ikkje (p og ikkje-p)», er ein tautologi. Forklar korfor det må vere slik. Lag deretter tre setningspar der (proposisjonen uttrykt av) den fyrste setninga logisk impliserer / 'entails' (proposisjonen uttrykt av) den andre, og forklar for kvart par korfor dette er døme på logisk implikasjon / 'entailment'.

**Spørsmål 5:**

Innleiingane på setningane nedanfor kan vere døme på at talaren reserverer seg med omsyn til visse av Grice sine maksimar, det vil seie at innleiingane kan fungere som såkalla "opting out hedges" i ein ytringssituasjon. Forklar kva for nokre av maksimefelta til Grice du vil seie at det gjeld her.

- a) *Hvis du er sulten, står det mat i kjøleskapet.*
- b) *Etter hva jeg har hørt folk si, skal hun til og med ha spilt på landslaget.*
- c) *Med fare for å plage deg med gjentakelser av det selvfølgelig vil jeg likevel tillate meg å uttrykke det synspunkt at håndballspilleren på det franske fotballandslaget var en skurk.*

**Spørsmål 6:**

Alle menneske har naudsynleg ein, men berre éin, fødestad. John Lennon vart fødd i Liverpool, Rosa Luxemburg vart fødd i Zamosc, Jack London vart fødd i San Francisco, Irving Berlin vart fødd i Sibir, og så vidare. Dette illustrerer ein sentral faktor i tydinga til eit substantiv som 'fødestad'. I læreboka til Zimmermann & Sternefeld har du lese at du kan bruke fagtermar som verdi, ordna par, argument og i det minste éin term til for å skildre denne sentrale tydingsfaktoren. Forklar bruken av desse fire termene med 'fødestad' som døme.

**Spørsmål 7:**

Båe semantikkbøkene omtalar kvantorløfting ('quantifier raising', QR). Dei nyttar døma 'A student read every book' (Zimmermann & Sternefeld) og 'Every man loves some woman' (Elbourne). Gi ei uformell skildring av dei to mogelege tydingane knytta til kvar setning. Forklar (fortsatt uformelt) korleis kvantorløfting kan nyttast i analysen, og forklar da óg omgrepet rekkjevidde / virkefelt ('scope'). Forklar til slutt dobbeltydinga i (a) nedanfor, og sei korfor (b) er éintydig:

- a) *En student glemmer mobilen på Frederikke hver dag.*
- b) *En student glemmer mobilen på Frederikke hver dag, og nå er han lei av det.*










**Spørsmål 8:**

Om ein ikkje er og aldri har vore nokon partnernishandlar, er det like håplaut å svare på spørsmålet 'Har du slutta å slå sambuaren din?' som på spørsmålet 'Har du ikkje slutta å slå sambuaren din?' Forklar dette ut frå kva du veit om presupposisjonar. I setningane nedanfor er det fem ulike presupposisjonstriggjarar. Forklar skilnaden mellom triggjarane og formuler dei presupposisjonane du meiner dei utløyser.

- a) *Hvor skal du feire julaften?*
- b) *Frida har flytta til Fredrikstad igjen.*
- c) *Kanskje kommer Kongen av Norge!*
- d) *Kaveh visste ikke at Karsten satte ny rekord i går.*
- e) *Hvis jeg var vestlending, ville jeg aldri spist fisk på julaften.*

NOTE: You may answer some or all of the questions in English.

**Skriv svaret ditt her...**

Format | **B** | *I* | U |  $x_2$  |  $x^2$  |  $I_x$  |  |  |  |  |  |  |  $\Omega$  |  |  |  $\Sigma$  | 

Words: 0

---

Maks poeng: 0